



Referat styremøte 3 -2025

Møre & Romsdal Gjetarhundlag - MRGL

Styremøtet fant stad på teams 9. april 2025

Følgende møtte:

- ✓ Knut Sverre Dahl
- ✓ Irene Røe Vaagan
- ✓ Halvor Tenden
- ✓ Merethe Hellevik, vara
- ✓ Carola Ukkelberg, vara
- ✓ Jan Myklebust, vara

Følgande i styret møtte ikkje:

- ✓ Bjarte Morten Røen, vara
-

SAKER

Sak 6 Nursery

I 2025 er Nursery tildelt frå regionen og det har vorte bestemt at det skal foregå 2 nurseryprøvar ein i Møre og Romsdal og ein i Trøndelag. Dette for å minke reiseavstanden til deltakarane. Styret vart einig om at Møre og Romsdal tek på seg å arrangere Nursery. Oddbjørn Kaasa bestemmer kva for ein av prøvane deltakarane i Nursery skal vere med på. Knut Sverre held kontakten med Kaasa.

Sak 7 Uttaksreglementet

Merethe har skrive forslag til uttaksreglement for 2025 som vart godkjend av styret. Irene legg ut uttaksreglementet på heimesida til MRGL og sender det samtidig inn til NSG sentralt.

Sak 8 Ymse.

- ✓ Distriktsprøve

Midtre Møre gjetarhundlag kjem til å arrangere distriktsprøve på Stette som og er ein del av unghundcupen 2. august i klasse 1 og klasse 2.

- ✓ Dyrevelferdsoperatør

Styret har motteke eit skriv frå NSG der det blir obligatorisk å oppnevne ein dyrevelferdsoperatør som har ansvaret for dyrevelferd på kurs og prøvar osb. Styret sett seg meir inn i temaet til neste styremøte.

Irene legg ut linken angående dyrevelferdsoperatør på MRGL sine sider til orientering.

Neste styremøte på teams 27.mai 2025 kl 20.30
